

**Fredag 11. juni vert det country-kveld i Dønhaugkjedlaren. Gjestene vil denne kvelden få oppleve country-artisten Hugo Risan in duo. Han har med seg Thor Einar Ribe på el-piano/keyboard**

Hugo Risan har ein allsidig musikalsk bakgrunn som starta då han som 16 åring drog til Svalbard. Der byrja han i bandet "Chivas" som gitarist og vokalist. Sidan har han spelt i fleire band, bl.a. dansebandet "New Loco Band" i Bergen, "Highway Connection" og "The Rocky Mountain Band".

Hugo Risan har vore heltidsmusikar dei siste 20 åra, og har i denne perioden i turnert Norge x antall gonger, opptrekk på store festivalar både i Europa og USA.. Han har to CD-ar på samvitet, "Hugo Risan-Finally" 2006 og "Hugo Risan -II" 2008., begge med svært sterke country/pop låtar som har hausta mange lovord både i inn- og utland, og blir spelt på radiostasjonar verda over.

Thor Einar Ribe er ein av Norges beste og mest rutinerde pianistar/keyboardister innan countrymusikken, og har spelt med dei fleste kjente countryartistar i Norge, og har itillegg bakkett eit hav av utanlandske artistar i verdensklasse når dei bl.a. har opptrekk i Norge.

Vertskapet kan lova ein flott musikk-kveld, der det truleg også vert høve til ein svingom. Denne kvelden vert i denne omgang det siste opne arrangement på Dønhaug og markerar slutten på vårsesongen.

Om det vert nye arrangement til hausten vil tida visa.

For meir info. viser me til [www.hugorisan.no](http://www.hugorisan.no) eller [www.donhaug.com](http://www.donhaug.com)

Magne Huglen